

Sak: 22-20. Vedtak i medhald av § 2 i vedtektene. Hentefrekvens sanitært avlaupsvatn i tett tank for fritidshus utan innlagt vatn.

Tilråding til vedtak:

Forskriftene § 14 b) får slike tillegg:

- Fritidshus / hytter utan innlagt vatn, og med tett oppsamlingstank for sanitært avlaupsvatn skal tømast ved behov, minimum kvart andre år.
- Vilkår for å kunne nytte tett oppsamlingstank er at mottakstanken har montert alarmsystem som varslar før tanken er full.

Vedtaket er gjort med heimel i forskriftene for renovasjon og slam sin § 2. Tredje ledd siste avsnitt og § 14 b) i same forskrift.

Saksutgreiing

Hentefrekvens for tømning av slamavskiljarar og tette tankar og handtering av avlaupsslam for sanitært avlaupsvatn, er regulert gjennom lovverket og i dei lokale renovasjons og slamforskriftene.

I lovverket er avlaup omtala i Forureiningslova § 26, 29, 32 og 11. I Forureiningsforskrifta Del 4 Avlaup, er dette omtala i kapittel 11,12,13,15, 15A og 16. Ikkje alt har relevans for denne saka, men eg tar breidda i omtalen med for å syne at dette er eit etter måten viktig område for lovgjevar å ha styring på. Bakgrunnen er sjølvstekt samfunnet sin trong for å sikre seg mot spreiding av smitte og sjukdom frå sanitært avlaupsvatn.

I dei lokale forskriftene er slam omtala i eige kapittel 2. §13, 14, 15, 16, 17 og 18.

Forskriftene for Volda og Ørsta Kommunar vart sist handsama hausten 2019, og der vart tømefrekvens for tette tankar fastsett til kvart år, slik det har vore i Volda og Ørsta så lenge eg kjenner til.

I Hornindal har hovudregelen og vore slik. Men med unntak for nokre abonnentar med typiske fjellhytter og som ikkje har innlagt vatn, men vatn i cisterne for toalett med sanitært avlaupsvatn som går til tett tank.


Frå Årim får vi opplyst at dette er heilt vanleg i innlandet av Noreg i typiske fjellhytteområder. Bakgrunnen er ynskje om å hindre at uønska bakteriar som oppstår i høgareliggande områder, vert spreidd til lågareliggande områder. Dermed er løysinga oppsamling i tett tank av sanitært avlaupsvatn. Fritidshuset elles har ikkje innlagt vatn.

Forslaget til vedtak

Det som no kjem opp burde vore med i forskriftsendinga sist sommar / haust. Når så ikkje skjedde og det heller ikkje kom inn merknader til det under høringsprosessen, er det opp til styret å gjere det naudsynte vedtak med heimel i forskriftene for renovasjon og slam sin § 2. Tredje ledd siste avsnitt og § 14 b)

I følge § 2 og 14 b) har styret i VØR rett til å gi nærare retningslinjer for gjennomføring av avgjerdene i forskrifta.

Eg rår då til å ta inn to punkt, som i sitt innhald er likt med tidligare Hornindal Kommune sine slamforskrifter, slik det går fram av tilrådinga til vedtak.



Petter Bjørdal
Dagleg leiar